

Meland kommune  
v/ Kristin Nåmdal

## **Uttale frå Nordhordland Padleklubb til Meland kommune sitt høyringsutkast for Arealplan**

Eg viser til hyggeleg og konstruktivt møte 29.9.14. Eg meiner vi fekk godt høve til å legge fram våre tankar omkring framtidig lokalisering av Nordhordland Padleklubb, og som avtalt sender styret i NHP hermed inn ein uttale til planen.

**Først litt historikk:** Nordhordland Padleklubb (NHP) vart oppretta i 2004, med føremål å fremje padlesporten i heile Nordhordland. Vår målgruppe var i første omgang vaksne kvinner og menn, men etterkvart såg vi det som viktig å kunne gje eit aktivitetstilbod til born og unge som av ulike grunnar fell utanfor annan organisert idrett, slik at desse ikkje blir sittande heime ved datamaskinen.

Rundt 2007-2008 fekk vi leigeavtale med grunneigar Dag og Åse Sudmann for deira gamle naust, grensande til Framo Flatøy. Dermed fekk vi ein base for vår aktivitet. Vi fekk inn unge medlemmer og hadde faste padledagar.

**Året 2010 vart eit tidsskille for NHP.** Frivilligsentralen vart oppretta, og gjennom eit fantastisk samarbeid med sentralen og med Hordaland idrettskrins (HIK) kom vi igang med noko som hadde «gjæra» ei stund; arbeidet med å inkludere personar og grupper med særlege behov for tilrettelegging.

På eit møte i Meland vinteren 2010-11, om interkommunalt samarbeid for utdanning av treningskontaktar, vart NHP utfordra på å gje eit aktivitetstilbod til psykisk utviklingshemma i regionen. I samarbeid med frivilligsentralen og HIK gjennomførte NHP prosjekt *Padleglede for Friskusar*; eit 16 timars grunnkurs vinteren 2011, nytt kurs vinteren 2012. Mål: kursdeltakarane skulle bli likeverdige klubbmedlemer og delta på våre ordinære aktivitetar, ilag med sin treningskontakt.

Trass ymse utfordringar gav dette utruleg gode resultat, med stor og regelmessig deltaking frå denne gruppa; dei er no våre mest trufaste padlarar, og NB! ilag med funksjonsfriske ferskingar og born med ulike diagnosar, «henvist» til oss frå m.a. DPS i Knarvik. Svært lærerikt og gjevande for oss i NHP!

Dette inkluderingsarbeidet har i tillegg gitt NHP eit gratis klubbhus frå Framo, samt store midlar til universell utforming av klubbhus og naust/brygge, noko som kjem alle til nytte.

Vi opplever stor merksemd og respekt for det vi driv med, og er no igang med prosjekt Padling&psykisk helse; ein del av HIK sitt prosjekt Idrett&psykisk helse. I desse dagar får ein av våre nye medlemer NAV-finansiert arbeidskontrakt med Framo Flatøy, i første omgang med vedlikehald /ombygging av vårt klubbhus som arbeidsområde. Dvs vinn-vinn samarbeid for alle partar! (nett idag kom karen innom jobben min for å vise fram ID/adgangskortet for Framo Flatøy, stolt og glad $\odot$ )

Sidan området no er ganske godt tilpassa rullestolbrukarar, kunne vi nyleg ta imot og gje padletilbod til ei gruppe på seks rullestolbrukar(lam frå livet og ned) frå Haukeland sjukehus (HUS). Ei stor oppleveling for alle partar! Fekk forresten svært positiv tilbakemelding frå Spinal-eininga ved HUS!

NHP ønskjer også å gje eit godt aktivitetstilbod til funksjonsfriske born/unge, gjerne dei som dett ut av fotballen i ein kritisk alder. Vi er godt igang med kajakpolo, og vi er i oppstartfasen med konkurransepadling, såkalla flattvannspadling, for ei gruppe ungdommar;.

**Så til arealplanen:** Det avsette arealet i Skitnedal-området er, isolert sett, svært godt eigna for alle våre aktivitetar, også godt eigna for eit evt framtidig regionalt fleirbruksanlegg. Utfordringa er tilkomst og annan infrastruktur, særleg offentleg kommunikasjon (buss).

NHP fungerer godt med vår noverande lokasjon, sjølv om vi i vår situasjon ikkje kan legge langsiktige planar mtp nybygg /tippemidlar. Når det gjeld det utvida industriarealet i Flatøyosen /sundet som no ligg inne i arealplanen , er styret bekymra for konsekvensar dette kan medføre for NHP, og tenkjer at ein i ein tidleg fase bør utgreie konsekvensar for NHP og andre, med omsyn til miljø og friluftsliv:

- stenging av sund som medfører at vi må padle ute i hovudleia når vi skal padle sørover
- fare for at redusert vassutskifting og dermed vasskvalitet kan slå negativt ut for vår aktivitet (mykje bading når vi øver redning),
- faren for langvarig stopp i vår aktivitet i ein anleggsperiode på dette industriarealet. Ei eventuell utbygging av dette arealet lenge før «vårt» areal i Skitnedalen kan realiserast, vil sette NHP i ein svært vanskeleg situasjon, viss her ikkje kan gjerast avbøtande tiltak. NHP ønskjer derfor å kunne ha ei alternativ framtidig lokalisering i nordre enden av dette industriarealet, under føresetnad av at dei naudsynte konsekvensutgreiingar med omsyn til miljø og friluftsliv viser at dette er mogleg. Dersom bussterminalen ikkje vert flytta, og med ovannemnde etterhald , vil dette kunne vere ein god plass for alle våre aktivitetar.

Uansett framtidig lokalisering, er det avgjerande for NHP at ein evt ny bussterminal blir liggande så nær vår base som råd er. Ein del av våre medlemer klarer å ta bussen så lenge dei slepp skifte buss undervegs, så dette betyr svært mykje for at dei kan delta hos oss, og i eit evt fleirbruksanlegg.

### Konklusjon:

Vi er så heldige å vere lokalisert i eit fantastisk godt eigna område for våre aktivitetar.

Både polo, flattvann og ikkje minst lågterskeltilbodet krev sjøområde som er skjerma for vind, bølgjer og rask båttrafikk, og med lett tilkomst med offentleg transport. Det siste er viktig for mange av våre brukarar, ja avgjerande for deltaking. Slik vi ser det, finst ikkje liknande område i sørlege del av Nordhordland. I tillegg til arealet ved Skitnedalsvika ønskjer derfor NHP nordre del av nemnde indusatriareal som ei alternativ lokalisering, slik at vi kan tilpasse oss den framtidige utviklinga i området.

Som den lange innleiinga viser, har vi det enn så lenge veldig bra der vi er, og ser fram til å vidareutvikle vårt inkluderingsarbeid i tråd med klubbens motto: ***Padleglede for alle!***

Frekhaug, 20.10.2014

Nordhordland Padleklubb v/leiar Audun Håland